


**REGULERINGSPLAN
FYLLINGSNES
Gnr. 214 bnr. 7, 17, 213 m.fl.
LINDÅS KOMMUNE**



PLANSKILDING
Januar 2011

1. BAKGRUNN/INNLEIING

Bakgrunn

Forslagstillar: Fyllingsnes Utvikling AS, v/ Kenneth Loftås
Burkhovdane 1
5914 Isdalstø

Utarbeida av: Gøtz AS, v/ Martin Gøtz, pb. 101, 5401 Stord
Tlf.: 47263639 e-post: martin@goetz.no

Oppstartsmøte dato: 21.09.2007

Oppstartsmelding dato: 11.03.2008 Varselbrev
12.03.2008 Avisa Nordhordland (fulldistribusjon)

Føremål:

Forslagstillar Fyllingsnes Utvikling AS er heimelshavar og utbyggjar for deler av området som omfattast av reguleringsplan for Fyllingsnes. Føremålet med ny reguleringsplan er å auke utnyttingsgrada og få oppdatert reguleringsføresegner slik at dei samsvarer med dagens krav. Ny reguleringsplan vil også ta med naudsynte tilpassingar til omkringliggjande planar.

Innleiing

Reguleringsplan for Fyllingsnes

Den einskilde kommune skal med heimel i plan og bygningsloven syta for at det vert utarbeida reguleringsplan for å få løyve til å gjennomføre tiltak.

Ein ynskjer med reguleringsplanen å setje rammer for framtidig arealbruk innanfor planområdet.

Ein skal så langt det er mogleg ha universell utforming (tilgjengeleg for alle), vera energi- og ressursbevisst, og gjennom utnytting av naturgitte føresetnader vera eit positivt innslag i lokalmiljøet.

Naturressursane i området vil verta forvalta på ein gjennomtenkt og medveten måte gjennom dei føringane planen gjev. Planen vil sikre vern av friareal, naturområde og kulturminne.

Planframlegget skal ha fokus på lokale og regionale føresetnadar i Lindås kommune.


2. PLANOMRÅDET

Lokalisering:

Planområdet ligg sør frå E-39 på Fyllingsnes.

Avgrensning av planområde:

Planområdet er stort sett i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Planavgrensning i nord er tilpassa Reguleringsplan for E-39 Vikane-Eikanger, som overlappar deler av gjeldande plan.



Planavgrensning er vist med stipla line.

Eigedomstilhøve:

Hovuddelen av planen ligg på gnr.214 bnr.7, 17 og 213.

Gnr. 214 bnr. 213 er eigd av Fyllingsnes Utvikling AS.

Gnr. 214 bnr. 7 og 17 er eigd av Egil Fyllingsnes.

Det er på bnr.7 vegtilkomsten til området ligg.

Fyllingsnes Utvikling AS står i dialog med grunneigar Egil Fyllingsnes om kjøp av eigdommen.

Gnr. 214 bnr. 127 er eigd av Asbjørn Eikefet.

Frådelt bustadtomt som ligg innanfor planområdet.

Gnr. 214 bnr. 128 er eigd av Bjørn Rasmussen.

Frådelt bustadtomt som ligg innanfor planområdet.

Gnr. 214 bnr. 2 er eigd av Reidar Fyllingsnes.

Vegareal i sør.

Naturgjevne tilhøve:

Planområde stig frå sør mot nord og har gode solforhold og utsikt. Vegetasjonen i området består for det meste av buskvekstar, litt bjørk, furu og osp. Det er truleg ikkje så djupt ned til fjell av di det stikk opp berg i dagen fleire plassar.



Frå E-39 mot sør-aust.

Etter opplysningane frå naturkartleggjar ligg det i sør ei myr rett utanfor planområdet. Nord for myra er det områder med edellauvskog som delvis går inn på planområdet.

I samband med reguleringsplanarbeidet er det utført ein areal- og grønnstrukturanalyse frå Norsk Natur Informasjon - NNI. Sjå eige vedlegg. Rapporten tar stilling til vegetasjon, grønnstruktur, zoologiske og landskapsmessige forhold og konkluderer at det ikkje er noko særskilde naturfaglege verdiar innan planområdet.

Trafikktilhøve:

Området grensar i nord mot europaveg E-39. Her får ein også tilkomst til området. Krysset, busslomma og fotgjengarovergang over E-39 er regulert i reguleringsplan Rv 1, Vikane-Eikanger.

Det skal lagast utbyggingsavtale mellom utbyggjar, Lindås kommune og Statens vegvesen for utbygging av krysset og hovudvegen ned mot Fyllingsnes.

Eksisterande arealbruk:

Arealet innfor planområdet og arealet i vest er utmarksområder og vert ikkje brukt til noko særsklid i dag.

I nord er det vegareal til E-39. Nord for E-39 ligg det ein bensinstasjon og nokre frittliggjande bustadhus.

Området i aust er utmark i dag, men er regulert til bustadområde.

Arealet i sør er prega av spreidd utbygging med bustader.

Planstatus:

I gjeldande kommuneplan for Lindås kommune er heile planområdet vist som bustadområde.

Gjeldande reguleringsplan for Fyllingsnes viser planområdet regulert med fylgjande føremål: bustader, service/forretning og offentleg bygg med tilhøyrande trafikk-, fri- og leikeområder.

Planar i området:

I nord grensar planområdet mot reguleringsplan RV1 (E-39), Vikane-Eikanger. Denne planen overlappar delar av reguleringsplan for Fyllingsnes.

I aust grensar planområdet mot reguleringsplan for Stemmemyra bustadområde og barnehage.

3. PLANFRAMLEGG

Forslagstiller er Fyllingsnes Utvikling AS.

Arealbruk (pbl § 25), arealoppgåve
Planområde er totalt ca. 118,0 daa

Av det er:

1. Bygningar og anlegg
 - Bustadar frittliggande - einebustader 16,0 daa
 - Bustadar konsentrert - fleirmannsbustader 43,7 daa
 - Forretningar 4,9 daa
 - Barnehage 4,8 daa
 - Renovasjonsanlegg 0,6 daa
 - Leikeplass 8,4 daa
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur
 - Køyreveg 15,6 daa
 - Gang-/sykkelveg 3,8 daa
 - Anna veggrunn - grøntareal 2,6 daa
 - Parkeringsplassar 2,5 daa
3. Grønstruktur
 - Friområde 14,6 daa
4. Omsynssoner
 - Frisikt
 - Støysone – gul sone iht. T-1442

BYGNINGAR OG ANLEGG

Byggegrense mot europaveg E 39 er satt til 30m frå senterline veg i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området.

Bustadar - frittliggjande einebustader

Innan området skal det førast opp frittliggjande einebustader. Einebustader kan ha sekundære bueiningar under 65 m² BRA for utleige.

Bustadar konsentrert - fleirmannsbustader

Området for konsentrert småhusvære er delt opp i fleire delområder som skal byggjast ut i etappar.

Delområda skal byggjast ut med ei blanding av firemannsbustadar og tomannsbustadar i klassisk stil. Det er tenkt tunprega areal med nokre tilpassa bustadar for førstegangsetablarar. Bustadane er tenkt plassert i grupper med sentrale fellesareal for opphald og leik. Høgdeplassering av husa skal fylgje mest moglege eksisterande terrengforhold og vil dermed føra til ei avtrapping i feltet. Dette

saman med ein horisontal saksing av bygga vil sikre svært gode solforhold og utsikt for bustadane.

Føreslått utnyttingsgrad for områda er auka i forhold til den gamle reguleringsplanen for området. Dette for å få ein meir arealeffektiv utbygging, som samtidig forsvare kostnadsnivået med opparbeiding av infrastruktur i området. Med dette vil ein også etterkomme stor etterspørsel på bustader i Lindås kommune, og kompensere arealtap på grunn av flytting/utviding av riksvegen mot sør.

Bustadområda skal byggjast ut med ulike husformar. Områder i nord og vest, som grensar mot forretningsområde og hovudvegen, skal byggjast ut med firemannsbustadar. Mot naboområda i aust og sør er det tenkt utbygging med tomannsbustadar og einebustadar. Dette for å få ein god overgang til eksisterande utbyggingsstruktur i sør, som består av frittliggjande bustadar, og planlagd utbygging i vest, som viser ein kombinasjon av eine- og fleirmannsbustadar. Det er lagt opp til makismalt 188 bueiningar innan planområdet.

Forretningar

På området for forretning skal det byggjast forretningsbygg, anten som eit bygg eller fleire bygg i same stil som også kan henge saman.

Det skal blant anna etablerast daglegvarebutikk som skal dekke dei omkringliggjande bustadfelta. Det kan også etablerast forretnings- og serviceverksemd med tilhøyrande lager og kontorareal.

Barnehage

Området for barnehage skal nyttast til barnehage for tilgrensande bustadområdar.

Renovasjonsanlegg

I området skal det etablerast miljøstasjonar for plassering av bosspann og postkassestativ. Området kan også nyttast til bygging av pumpestasjon for avløpsvatn, trafokioskar eller kabelskap.

Leikeplass

Leikeplassen sør i planområdet skal opparbeidast som områdeleikeplass for heile byggefeltet. Området skal vere tilrettelagt for litt større barn og byggast ut med ballplass.

Dei andre leikeareal i planområdet skal opparbeidast som nærleikeplassar til dei enkelte delområda. Innan området skal det etablerast leikeutstyr for mindre barn.

Areal som er avsett til leik er svært god eigna til dette føremål:

- Nærleikeplassane ligg sentralt med kort veg frå bustadane.
- Leikeplassane er plassert slik at dei vil vere sikra mot forureining, støy og trafikkfare.
- Avsett areal er ikkje brattare enn 1:3, minst 10 m breidd og støynivå ligg under 55dB.
- Leikeplassane er store nok og godt eigna for leik og opphald. Det er satt av minst 25m² per bustad i konsentrert strøk og 50m² per einebustader (inkludert evt. sekundær bueining).

Arealrekneskap nærleikeplassar:

Leikepl ss Nr.	Areal (m ²)	Bueining ar konsentrer †			einebusta der 1B	Leikeareal krav 25m ² per konsentrert 50m ² per einebustad
		4B	2B	Sum		
1	1330	9	5	46	2 (Bf1)	1250
2	546	2	5	18		450
3	860	8		32	1 (BF4)	850
4	880		2	4	15	850
5	1090	10		40		1000
6	710	1	6	16		400
7	350		1	2	6	350
Sum	5766			158	24	5150

(4B-4mannsbustader, 2B-2mannsbustader, 1B-einebustader)

SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Køyreveg.

Traseen av hovudvegen mellom E-39 og Fyllingsnes er stort sett i samsvar med den gamle reguleringsplanen, med mindre endringar på grunn av tilpassing til krysset med E-39. Veggen er dimensjonert etter håndbok 017, samleveg – Sa1, med fartsgrense 50km/t. I reguleringsplan er det satt av 6,0 m breidde til veg. Kryssutforminga i sør er i tråd med gjeldande reguleringsplan for området. Krysset skal knyte vegsystemet sør på Fyllingsnes med E39. Ved krysset er det også planlagt ei vendesløyve for buss med haldeplass for å kunne tilknytte området til offentleg kollektivtrafikk.

Tilkomstveg 1 til delområda BK1 vil også gi vegutløysning til tilgrensande bustadområdet i aust. Veggen er dimensjonert etter håndbok 017, adkomstveger – A1, med fartsgrense 30km/t. I reguleringsplan er det satt av 5,0 m breidde til veg og 2,5 m til fortau.

Dei øvrige kjørevegeane er regulert til 5,0 m breidde og skal gi tilkomst til dei enkelte delområdene.

Hovudvegen mellom E-39 og Fyllingsnes og tilkomstvegen til tilgrensande bustadområdet i aust skal vere offentlige. Dei øvrige kjørevegeane i området er fellesvegar.

Gang- og sykkelveg.

Langs hovudvegen mellom E-39 og Fyllingsnes er det lagt opp til ein gjennomgåande gang- og sykkelveg med 3,0 m regulert breidde. Mot hovudvegen er det lagt inn ein 3,0 m breidd belte for å auke trafikktryggleiken.

Vidare skal det etablerast gang- og sykkelveg langs tilkomstveg 1, langs første delen av hovudvegen i vest og mellom forretningsareal og BK2.

Anna veggrunn - grøntareal.

Området kan nyttast til vegutviding, grøftar, skråningar, skjeringar og plassering av busstur.

Parkeringsplass.

Parkeringsplassen langs E-39 er felles for tilgrensande firemannsbustadar i nord og skal også dekke gjesteparkering for delområdet BK1. Her kan det evt. førast opp carportar i tilknytning til støyskjerm.

Dei øvrige parkeringsplassane er felles for dei enkelte delområdene og skal brukast til gjesteparkering.

GRØNNSTRUKTUR

Friområde.

Området skal brukast som rekreasjons- og friområde og vere fritt tilgjengeleg.

Så langt råd er skal eksisterande terrengform og vegetasjon takast vare på.

Det kan etablerast gangveggar, trapper og ramper med universell utforming.

På arealet mellom felles parkeringsplass og E-39 skal det lagast ein jordvoll på ca. 2-3m høgd, som ein slags støyskjerm. Arealet skal plantast til på ein tiltalende måte.

OMSYNSSONER

Frisikt.

Innan sona må det vere tilfredsstillande frisikt i kryss og avkjørsler.

Støysone – gul sone iht. T-1442

Innan området kan det ikkje etablerast bustader eller uteplassar utan ytterlegare støyskjermingstiltak som gir tilfredsstillande støynivå.

ROS-analyse

Bakgrunn

I tilknytning til reguleringsplanarbeidet er det av omsyn til plantiltakets omfang utført ein analyse av risiko og sårbarheitsforhold. ROS-analyse byggjer på føreliggjande kunnskap om planområdet og arealbruken der.

Metode

Analysen er gjennomført i høve til rundskriv Gs-1/01 frå DBS. Analysen er basert på føreliggjande planforslag med tilhøyrande illustrasjonar og løysingar som der er gitt. Moglege uønska hendingar som kan påverke planområdet funksjon som område bustader, fritidsbustader og opphaldsplass, er vurderte jf. vedlagt sjekklister. Forhold som ikkje er vurderte i sjekklister er ikkje merka.

Vurdering av sannsynlegheit for uønska hendingar er delt i:

Grad av sannsynlegheit	Markering av grad	Kommentar
Særs sannsynleg	(4)	Kan skje regelmessig

Sannsynleg	(3)	Kan skje av og til
Lite sannsynleg	(2)	Kan skje
Usannsynleg	(1)	Hendinga er ikkje kjend frå tilsvarande situasjonar

Vurdering av konsekvens for uønska hendingar er delt i:

Grad av konsekvens		Kommentar
1. Ubetydeleg	1	Ingen person eller miljøskadar
2. Mindre alvorleg	2	Få/små personskadar eller miljøskadar
3. Alvorleg	3	Person eller miljøskadar som krev behandling
4. Særs alvorleg	4	Personskadar som medfører død eller varige mèn, - Langvarige miljøskadar.

Skildring av tiltaket/situasjon:

UØNSKA HENDINGAR, KONSEKVENSA OG TILTAK

Moglege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i same tabell

Hendingar / situasjon	Konsekvens for planen	Konsekvens av planen	Sanns	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak
Natur og miljøforhold						
Ras/Skred/flom/grunn						
1. Masseras/Skred						
2. Snø/Isras						
3. Flaumras						
4. Elveflom						
5. Tidevassflaum						
6. Radongass	X		1	1		Ikkje eit kjend problem
Vær og vindeksponering						
7. Vindutsette områder						
8. Nedbørutsatte områder						
Natur og kulturområder						
9. Sårbar flora						
10. Sårbar sauna/fisk						
11. Verneområder						
12. Vassdragsområder						
13. Fornminne	X		1	1		Kjenner ikkje til fornminne i planområdet.
14. Kulturminne/miljø	X		1	1		Kjenner ikkje til kulturminne i området
15. Område for idrett/leik						
16. Park rekreasjonsområder						
17. Vannomr. for friluftsliv						
Menneskeskapte forhold						
18. Veg, bru knutepunkt						
19. Hamn kaianlegg						
20. Sjukehus-/hjem, kyrkje						
21. Brann/politi/SF	X		2	2		Brann kan førekomme og det er akseptabel avstand til sløkkevatn.
22. Forsyning kraft, vann						
23. Tilfluktsrom						
Forureiningskjelder						
24. Industri						
25. Bustad/fritid						
26. Landbruk						
27. Akutt forureining						
28. Støv og støy; industri						
29. Støv og støy; trafikk	X		4	2		Trafikkstøy frå E39 / krev skjermingstiltak
30. Støy						
31. Støy andre kjelder		X	2	2		Støy frå aktivitet på ballplass
32. Forureining i sjø						
33. Forureina grunn						
34. Elforsyning						
Andre farlige/spesielle områder/forhold						
35. Industriområde						
36. Høgspenlinje						
37. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv)						
38. Avfallsbehandling						
39. Oljekatastrofeområde						
40. Spesielle forhold ved utbygging gjennomføring						
Transport						
41. Ulykker med farlig gods						
42. Vær/føre begrensar til gjengeligheit til området						

43. Ulykker i avkjørsler		X	2	3		Liten trafikk
44. Ulykke med gåande /syklende/		X	2	4		Etablering av gang- og sykkelveggar vil auka trafikktryggleiken
45. Andre ulykkespunkt						

Risikoen av hendingane er her framstilt i

Konsekvens: Sannsynlighet:	1. Ubetydelig	2. Mindre alvorlig	3. Alvorlig	4. Svært alvorlig
4. Svært sannsynlig		29		
3. Sannsynlig				
2. Lite sannsynlig		21,31	43	44
1. Usannsynlig	6,13,14			

- ✓ Hendingar i raudt felt: Tiltak nødvendig
- ✓ Hendingar i gult felt: Tiltak skal vurderast ut frå kostnad i ht. nytte
- ✓ Hendingar i grøne felt: Billige tiltak bør gjennomførast

Konklusjonar:

Det er tre punkt som er uheldige. Hendingar som krev tiltak er knytta til trafikktryggleik og støy.

Trafikksikrings- og støyskjermingsaspekt er handtert i reguleringsprosess.

Naudsynte tiltak er fylgjande:

- **Opparbeiding av frisiktsoner**
- **Etablering av gang- og sykkelveggar**
- **Gjennomføring av støyskjermingstiltak i samsvar med støyrapporten.**

Statens vegvesen bør også vurdere om fartsgrensa langs første delen av hovudvegen kan setjast ned til 30 km/t og etablering av fotgjengarovergang for å auke trafikktryggleiken.

Støyskjermingstiltak:

Området grensar i nord mot europaveg E-39 som er sterk trafikkert. I samband med utbygging av delfelt BK1 skal det etablerast jordvoll mellom parkeringsplass og E 39 som ein slags støyskjerm. Jordvoll skal vere mellom 2 og 3 meter høg og plantast til med busker.

I samband med reguleringsplanarbeid er det utført ei støyfaglig vurdering frå Kilde Akustikk AS for å dokumentere naudsynte skjermingstiltak. Sjå eige vedlegg. Rapporten viser behov for skjermingstiltak langs E39 og langs første delen av tilkomstvegen inn i området. Mellom felles parkeringsplass og E39 skal det etablerast jordvoll med topp på minst 2m over senterline på E39. Prinsippet for utføring er vist på vedlagt teikning "Terrengsnitt - jordvoll". På nordsida av felt BK2 skal det etablerast støyskjerm med topp på kote +36,5. Støyskjermen kan utførast anten som jordvoll eller lokalvegg. Øst i felt BK1 skal det etablerast lokalvegg med høgde 2m over senterline veg. Nedre delen av veggen skal utførast som mur mens øvre delen skal utførast i plexiglass eller tre. Skjermen skal tilplantast med busker/hekk for å dempe høgdevirkninga.

Planlagde skjermingstiltak vil sikre tilfredsstillande støynivå innan området. Kunn ein bustadtomten i nordøst ligg i gul sone. Her må det i samband med byggemelding utførast ein støyfaglig vurdering for å vurdere konkrete skjermingstiltak.

For å unngå støykonfliktar mellom ballplass og bustadane i sør er disse plassert slik at avstanden er minst 30 m.

4.0 KONSEKVENSAAR.

4.1 Naturtilhøve.

I samband med utbygginga så vert det litt hogging/reinsking i området. Det vil forsvinne ein del trær og buskar. Store og fine trær skal bevarast i størst mogeleg grad.

Det vert også nokre terrenginngrep i samband med vegarbeid, tekniske anlegg og tomtplanering. Vegar skal fylgje terrenget mest mogeleg, men vil medføre litt sprenging og fylling.

Desse terrenginngrepa ønskjer ein å ordne på eit tiltalende vis, ved å jordslå, så i og evt. plante trær.

4.2 Grønnstruktur

Det er utarbeidd ein areal- og grønnstrukturanalyse frå Norsk Natur Informasjon - NNI. Sjå eige vedlegg.

Her foreslår NNI at det vert etablert grønne korridorar i øvre og nedre del av planområdet samt integrering av ein korridor nord-sør. Dei anbefaler også grønnstrukturar som bryter opp samanhengande byggefelt for å dempe ned fjernvirkningen.

I tråd med anbefalingane er det lagt inn samanhengande grønne korridorar mot E39 og sør i området. Disse korridorane vil då knyte saman og ivareta kontakt med tilgrensande grønt-/friområder. Vidare er det sett av eit større samanhengande område i sør som vil vere viktig for barnehagen og vere ein buffer mot tomtar utanfor planområdet. Det er også lagt inn eit samanhengande grøntdrag gjennom planområdet som vil binde dei ulike delfelta saman med det større grøntområde i sør.

Dermed opnar ein for fri ferdsel gjennom området og erstattar tidlegare stiar.

Den planlagde grønnstrukturen vil då kunne bryte opp samanhengande byggefelt og dempe fjernvirkningen av utbygginga.

4.3 Trafikktilhøve

Det kjem til å bli auka trafikk og generell bruk av område når det blir bygd ut. Det nye veganlegget vil vera hovudtilkomst til eksisterande bustadområde i sør og dei nye felta. Gamle vegen til Fyllingsnes vert dermed avlasta.

4.4 Tekniske anlegg

Området skal tilknyttast til offentleg vassleidning. Kloakken skal tilknyttast planlagt reinseanlegg på naboområdet i aust. Utbyggjar står i dialog med Teknisk eining i Lindås kommune og Lindås Tomteselskap vedr. tilknytning og utforming av tekniske anlegg.

4.5 Miljø, ureining

Med fleire folk så vil det sjølvstapt bli auka utslepp til reinseanlegg.

Det vil også bli meir bos til NGIR . (Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS)

Området er ikkje noko kjent for radonutslipp. Likevel vil ein ta omsyn til dette ved byggeteknisk utforming.

4.6 Universell utforming

Ved opparbeiding av området skal prinsippet for universell utforming leggjast til grunn. Bl. a. skal minst. 5% av parkeringsplassane vera dimensjonert for rørslehemma. Ved opparbeiding av uteområde og trafikkareal skal det leggjast særskild vekt på tilgjenge med tanke på stigningsforhold, vegbredde, overflater m.m. Planlagde bygningar skal minst ha ein etasje som tilfredsstillar kravet om universell utforming.

4.7 Barn, unge og eldre sine interesser

Området vil bli utbygd med ei blanding av fleirmanns- og einebustadar som retter seg mot ei brei folkegruppe. Både godt etablerte folk, eldre, førstegangs etablerar og familiar med ungar vil etablere seg i området. Dette medfører også ein god del barn og ungar som ein må ta omsyn til ved utforming av området.

Det er lagt opp til fleire sentrale nærleikeplassar i alle felt og eit større leikeområde med ballplass i sør. Vidare er det tilgjengeleg eit stort friareal og ballplass på tilgrensande området i nord-øst.

Barnehagen for området og ballplassen er lokalisert i sør i tilknytning til friområdet.

Langs hovudvegen skal det etablerast gang- og sykkelveg for å sikre trygg ferdsel.

Vidare er det lagt inn samanhengande felles leike- og trafikkareal gjennom området og grønne korridorar.

4.8 Energi

Området vil i hovudsak verte oppvarma elektrisk, men det kjem til å verte nytta energisparande tiltak som varmepumper og slikt.

Det skal leggjast til rette for bruk av alternativ energi, som for eksempel bruk av solenergi til belysning og bruk av naturgass til komfyr og oppvarming.

4.9 Framdrift, økonomi

Framdriftsplan for utbygging av kryss med E39 og nytt vegsamband til Fyllingsnes skal gå fram av eigen utbyggingsavtale mellom utbyggar, Statens vegvesen og Lindås kommune. Utbyggingsavtalen må vere på plass før ein kan starte bygging i området.

Utbyggjar ynskjer å bygge ut delfelt BK1 og BK2 og forretningsområdet med tilhøyrande anlegg så snart som råd er. Resten av felta skal byggjast ut i etappar som høver med marknadssituasjonen til ein kvar tid eller andre vilkår som har innverknad på gjennomføringa.

Dato: 05.01.2011

